

Mage-tarminfeksjonar ("omgangssjuka"). Tiltak i barnehagar og skular.

Omgangssjuka med Norovirus kjem ofte om vinteren og det verkar som vi har ein del tilfelle av dette i Stordsamfunnet no.

Smittemåtar

Det smittar svært lett og på fleire måtar:

- frå person til person (via uvaska hender)
- ved kontakt med ureina overflater (dørhandtak, vannkranar på vaskar og liknande)
- gjennom ureina matvarer eller ureina drikkevatt

Smittegrad

Personar i alle aldersgrupper kan verta råka av Norovirus. Personar smittar ein kort periode før symptoma startar og til eit par dagar etter at symptoma er borte. Dei smittar mest medan dei har symptoma og er sjuke.

Symptom

Det tek til vanleg 12-48 timar frå ein vert smitta til symptoma bryt ut. Symptoma, som varer frå 1-3 døger, er akutt kvalme, oppkast, magesmerter og vanntynn diarre. I tillegg kan det vera feber, muskel-og leddverk og hovudverk.

Behandling

Det finst inga behandling mot virusinfeksjonen, men ein kan lindra symptom og førebyggja komplikasjonar med god pleie og rikeleg drikke.

Tiltak i barnehagar og skular

Det viktigaste einskildtiltaket ved tilfelle i skular og barnehagar er at dei som vert sjuke held seg heime. Ein må vera nøyen med hygienen heime kring den som er sjuk. Barn bør haldast heime i 48 timar etter oppkast og diare er avslutta. Dei største barna kan sikkert sleppast noko før, særleg om dei ikkje har vore sterkt sjuke. Dei veit dei kan smitta og kan ta hygieniske førehandsreglar i høve smitte av andre.

I barnehagar og skular er det viktig med auka fokus på hyppig handvask og reingjering av stallebord og leiker. Det bør brukast eingongshanskar ved bleieskift og brukte hanskar og bleier skal leggjast i lukka plastposar før dei vert kasta.